

Til  
Actastyret  
Lagsleiarar  
Direktemedlemmar i leirklubben



## ***Innkalling til årsmøte i Acta barn og unge i Normisjon, region Sogn og Fjordane***

### ***Og årsmøte for Leirklubben Acta Sof***

Ettersom nedstenginga i vår ikkje gav oss moglegheit til å gjennomføre eit fysisk årsmøte for Acta og leirklubben bestemte styret å utsette møtet til hausten. Så vi har no gleda av å invitere til årsmøte Søndag 10.10.21 kl 16.30 på Fjordly Ungdomssenter. Det er tenleir på Fjordly denne helga, og vi velg derfor å legge årsmøtet i ramma av tenleiren.

Årsmeldinga for Acta og leirklubben ligg ved. Om de ynskjer innsyn i reikneskapen ligg den tilgjengeleg på [normisjon.no/sof](http://normisjon.no/sof) under saka om årsmøtet for regionen.

### ***Program:***

- 16.30 Registrering
- 16.45 Velkomst og andakt
- 17.10 Årsmøtesaker Acta
- 17.40 Årsmøtesaker leirklubben
- 18.00 Kveldsmat/ minibasar og sosialt samvær

Påmelding til årsmøtet sendast på mail til [acta.sof@normisjon.no](mailto:acta.sof@normisjon.no) eller sms til 92046399 innan måndag 4.okt.

Vonar mange ynskjer å ta turen til Fjordly denne dagen!

Ynskjer dokke gode dagar så lenge!

Helsar med Jesaja 49.16

«Sjå, eg har teikna deg i hendene mine, murane dine er alltid framfor meg.»

Vh Stine Hopland, Actaleiar og Rune Tøsse, Styreleiar

